



UKM 09/12 Refleksjonsspørsmål

KYRKJE 18-30

Ungdommens kyrkjemøte (UKM), ungdomsråd og ungdomsting har i fleire saker dei siste åra peika på at arbeidet med å kartlegge kva som kan gjerast for å inkludere aldersgruppa 18-30 i kyrkja sitt fellesskap står overfor mange utfordringar. Kyrkja er utfordra til å arbeide vidare med: fellesskap, relasjonar, ulik alder og livssituasjon, geografi og tradisjon. Desse utfordringane danna bakgrunn for saka som vart behandla på Kyrkjemøtet i 2009.

Utvikling av Kyrkje 18-30

Kyrkerådet har sett i gang ein prosess med å styrke satsinga med fornying og vidareutvikling av Kyrkje 18–30 ved å arbeide strategisk med *involvering av ulike fagmiljø i kyrkja, kartlegging, innsamling og deling av erfaringar på nettstaden www.kirke18-30.no, og utvikling og utprøving av nye tiltak.*

Målet med satsinga Kyrkje 18–30 er å styrke medvit og kunnskap om korleis kyrkja kan vere livsnær, relevant og tilgjengeleg for unge vaksne.

Utviklingsarbeidet Kyrkje 18–30 har arbeidd ut frå spørsmåla:

- Korleis kan aldersgruppa 18–30 erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament?
- Korleis kan Den norske kyrkja medverke til at dette kan skje?

Kartlegging

I 2010 gjorde Synovate ei undersøking på oppdrag frå Kyrkerådet som tok føre seg ei rekke spørsmål knytte til ungdom og kyrkje. Oppsummeringa¹ syner at det er visse skilnader mellom det unge vaksne synest er viktig i livet, og det dei same menneska *opplever* at kyrkja fokuserer på. Kyrjelege handlingar og høgtidsgudstenester kan seiast å utgjere dei største interaksjonsflatene mellom Den norske kyrkja og snittet av vaksen ungdom. Svara frå unge vaksne syner òg at kyrkja i større grad kan vere relevant som musikk- og kulturarena. I arbeid med kyrkjelydsutvikling vil truleg ei aktiv styrking av desse arenaene som møtestader mellom unge vaksne og kyrkja vere viktig, ikkje berre for at kyrkja skal gi den einskilde livstolking og livshjelp, men også når det gjeld tradisjonsformidling og erfart fellesskap.

Våren 2011 gjorde Kyrkerådet ei Questback-kartleggingsundersøking om erfaringar og strategiar med unge vaksne blant kyrjelege organisasjonar,

¹ Birgitte Lerheim, forskar ved Teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo, var konsulent for å summere opp Synovate-undersøkinga. Materialet vart også nytta som grunnlag i hennar kapittel i boka «Menighetsutvikling i folkekirken» 2012.

Bakgrunn

I 2009 handsama Ungdommens kyrkjemøte og Kyrkjemøtet saka «Myndig tru – mangfaldige fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18–30 år». Innhaldet i vedtaket frå Kyrkjemøtet 2009 utfordrar Den norske kyrkja på alle plan til å vidareutvikle og fornye arbeidet med aldersgruppa 18–30. I samband med dette bad Kyrkjemøtet om å få attende ei større strategisk med bakgrunn i eit breiare bispedøme, organisasjonar og erfearingsmateriale frå kyrkjelydar. Det vart oppmoda om at ressursdokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» skulle vidareutviklast som ressurs til kyrkjelydar og organisasjonar. Det vart presisert at denne ressursen måtte ha ei form som kan inspirere til samtale og refleksjon i kyrkjelydane, slik at det kan utviklast lokale strategiar. Det vart også vedteke at satsinga på aldersgruppa skulle innarbeidast i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja gjennom formuleringa: «Aldersgruppa 18–30 skal erfara at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.»

Ein antologi er ei tekstsamling, Ordforklaring det vil seie ei bok med fleire Ein antologi er ei tekstsamling, det vil seie ei bok med fleire litterære tekstar, ofte innanfor same sjanger, men frå ulike forfattarar. Ordet stammar frå gresk og betyr opphavleg «blomstersamling».



studentprestar, feltprestar, alle kyrkjelydar og bispedømmeråd.

Rapporten frå undersøkinga² oppsummerar:

Respondentane beskriver unge vaksne i aldersgruppa 18-30 som ei "gløymt gruppe" i kyrkjas arbeidsområder og fleire uttrykker at dei saknar arbeid for studentar eller unge vaksne. Midt i satsinga på trusopplæring for barn og unge opp til 18 år, gudstenestereform, demokratreform, salmebokreform og kyrkjeforlik etc., er det eit gjennomgåande mønster i svara at fokus på unge vaksne har ein tendens til å bli nedprioritert grunna ressursmangel trass at det opplevast som eit viktig arbeid og ei viktig gruppe.

Videre er dette en gruppe i stor mobilitet, og særlig mindre steder og bygder opplever at denne gruppa ofte flytter bort når de er ferdige med videregående skole. Dermed er det på mange måter også en fraværende gruppe for en rekke menigheter, samtidig som det ofte er noen ganske få som blir værende i bygda og da med et begrenset kirkelig tilbud rettet spesielt mot dem. Det disse menighetene imidlertid opplever, er at en del unge vender tilbake til hjemstedet når de ønsker å etablere seg med partner, barn og hus. Da er det mulig å "kople dem på" igjen som foreldre via barna, dvs. gjennom kasualia og familiearbeid.

I studietida bor altså mange sgruppa borte fra oppvekststedet og hjemmemenigheten. Noen av dem engasjerer seg i ulike lokal- og studentmenigheter eller i annet studentarbeid mens de studerer, andre forsvinner bort fra kirkens virksomhet. Flere respondenter beskriver kreative tiltak for å følge opp de unge før de flytter og mens de bor borte, ikke minst i form av relasjonsbygging, utsendelsesritualer, informasjon om aktuelle menigheter på studiestedet, ledertrening og ved å involvere dem i lederoppgaver i ferier og helger.

En rekke svar peker på viktigheten av å kunne tilby unge 18-30 skreddersydde eller spesialtilpassede gudstjenester. Her understrekkes særlig det livsnære, estetiske, musikalske og erfaringsbaserte. At gudstjenesten skal angå livene deres og berøre dem. At det er viktig å være i dialog med ungdomskulturen slik at for eksempel det musikalske uttrykket oppleves relevant. Videre trekkes det frem tiltak som smågrupper av ulik type, korvirksomhet, lederoppgaver og diakonalt arbeid, og det sosiale aspektet betones gjennomgående. Respondenter fra utdanningsinstitusjoner forteller også at gjennom sin jobb kommer i kontakt med en rekke forskjellige studenter og har anledning til å tilby utradisjonelle møtesteder og tiltak som for eksempel sorggrupper for studenter.

Kartleggingane som det er referert til her, har vore viktige for å avdekkje nokre område og har gitt retning for vidare arbeid/fokus. Mange kyrkjelydar har satsa målretta på å utvikle eigne, alderstilpassa gudstenester og andre tilbod for denne målgruppa. Men korkje slike gudstenester eller vanlege høgmesser er mykje besøkte av unge vaksne. Berre 12–13 % av respondentane har teke del i slike siste året. Nærare halvparten av dei spurde har ikkje vore i slike gudstenester *i det heile*. Møtestadene mellom kyrkja og unge vaksne er såleis langt større og meir omfattande enn kyrkja sine *særtiltak* for denne aldersgruppa. Unge menneske ber med seg relasjonar og verdiar inn i kyrkja. Kyrkja bør medverke til at folk får reiskapar til å tolke livet sitt, med dei relasjonane og verdiane dei på godt og vondt ber med seg, innan ei kristen livstolking.

Inspirerande ressursar

Vedtaket frå Kyrkjemøtet 2009 oppmoda til å lage inspirerande ressursar. Kyrkjemøtet meinte at ressursdokumentet «Myndig tru – mangfoldige fellesskap» var eit godt utgangspunkt, men at det

² Tone Stangeland Kaufman, forskar ved Det teologiske Menighetsfakultet, var konsulent for å oppsummere Questbackundersøkinga.



måtte gjerast mindre akademisk og meir presist. Grepet som vart tatt var at det kontinuerleg publiserast erfaringsartiklar på www.kirke18-30.no. Målet er at nettartiklane kan vere ressursar for kyrkja og medverke til inspirasjon og refleksjon for å rette fokuset mot aldersgruppa 18–30. Nettartiklane har overskrifter som freistar å konkretisere nokre av omgrepa i visjonen og aktualiserer tema knytte til unge vaksne i kyrkja, mellom anna ut frå tema frå dokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap», tema frå undersøkingane og UKM sine innspel i fleire saker. Her er ei oversikt over dei nettartiklane som ligg på nettsida:

Livsnær og relevant:

- «Kirken må bli mer som IKEA» - om at kyrkja må legge til rette slik at alle livsfaser kan få ta del i sakramenta, forkynninga og fellesskapet.
- «Fikk bilde av munk – begynte å lete etter Gud» - om filmen Gunnar Goes God som inspirasjon til å starte samtaler om eksistensielle spørsmål med unge vaksne.
- «Tid til å erfare Guds nærvær» - om at mange unge menneske ikkje erfarer at kyrkja er ein stad ein kan gå med si andelege lengt og at kyrkjas ritual, symbolspråk, estetikk og stad for stille er ein rikdom ein kan ta meir i bruk.
- «Meir enn bare babbel» - om babysong som ein naturleg forlenging av dåpssamtalen og at målet er å møte foreldra der dei er i livet og skape relasjoner mellom menneske i same livssituasjon.
- «Kyrkja er best på sorg» - om at kyrkja kan tilby eit annullisrom og vere ein samtalepartnar i sorgarbeid med unge vaksne og at kyrkja har eit språk for å snakke om liv og død.
- «Størst av alt er ærligheten» - om at mange par som skal gifte seg ikkje har erfaring med å snakke om livets realitetar før ein kjem til vigselssamtalen og kva kan ein slik samtale handle om.

Ord og sakrament:

- «Reform med muligheter» - om forkynning og musikk- og sangval som avgjerande for kvifor mange unge vaksne vel bort Den norske kyrkja som gudstjenestefellesskap.
- «Ung i kirken» - om kasualia/dei kyrkjelege handlingane som viktige møtepunkt med unge vaksne for å skape ein relasjon til kyrkja.
- «Forkynner om nødvendig med ord» - om at det å leve eit berekraftig liv i lokalsamfunnet er relevant forkynning i vår tid.
- «Troen som livslang læring» - om å skape arenaer for læring i den kristne trua i religionsmøtenes tid.
- «Utfordrer til nye trospraksiser» - om å bygge alternative former for fellesskap innanfor kyrkja og om å leve i engasjement for verden.

Relasjoner og fellesskap:

- «Unge vaksne trenger H-mjølk» - om å behalde unge vaksne i kyrkjelyden etter ungdomsarbeidet.
- «Apostler anno 2012» - om å leve livet saman i mindre fellesskap.
- «Utvidet Valentine» - om å arrangere ein kveld for alle med fokus på fellesskapet på ein merkedag som i samfunnet for øvrig har mest fokus på kjærleiken mellom to menneske.

Tilgjengeleg:

- «Lever med åpen dør» - om studentprestane som har samtalen som viktigaste aktivitet.
- «Henger med menigheten hele døgnet» - om å være tilgjengelig som feltprest.
- «Kyrkja kjem i andre rekke» - om innspel frå dei nordiske landa om m.a å vere medvandrar på sosiale medier.



Antologi

Det er også sett i gang eit arbeid med ein antologi som kjem til Kyrkjemøtet 2013. Denne tek føre seg fleire av temaer som er identifiserte gjennom materialet frå kartleggingane.

Antologien er tenkt som ein inspirerande ressurs der ein har samla faglege refleksjonar frå ulike fagmiljø, samling av erfearingsartiklane og kartleggings- og refleksjonsspørsmål som kan nyttast for å verte meir konkret på korleis kyrkja kan verte meir relevant, livsnær og tilgjengeleg for aldersgruppa 18–30.

Planen er at antologien skal ligge på nettstaden www.kyrkle18-30.no og sendast ut i Den norske kyrkja. Målet er at innhaldet kan vere ein ressurs for medarbeidarar i kyrkja og medverke til inspirasjon og refleksjon for å rette fokuset mot aldersgruppa 18–30 i kyrkja. Antologien kan nyttast i råd og utval, i utdanningssamanheng og som innspel til vidare fagleg utviklingsarbeid.

Tema som det vert reflektert over i antologien, peikar på nokre sentrale område, men er ikkje uttømmande. Dei må difor omsetjast og vidareutviklast lokalt i tråd med med alle planar og reformer. Den kyrklelege satsinga på aldersgruppa 18–30 år handlar om å tenkje heilskapleg om det å vera kyrkje og å arbeide kreativt og kvalitatittivt om det å sameina kyrkja sitt plan- og reformarbeid. Det handlar om korleis satsing på trusopplæring, gudstenesteliv, diaconi, kultur, demokrati og berekraftig utvikling kan samspela med kvarandre. Den einskilde kyrkjelyd som arbeider med utvikling av dei ulike planane og satsingsområda, må konkretisere korleis dei kan bidra til ei livsnær, relevant og tilgjengeleg kyrkje med unge vaksne i ulike livsfasar. Dei kan til dømes utfordrast på å sjå på kva for ressursar og kva som er mogleg i lokalmiljøet og om det er behov for spesielle møtepunkt på staden.

Antologien vert delt inn i tre tema med introduksjonstekst:

- Livsnær
- Relevant
- Tilgjengeleg

Kvart tema har eitt eller fleire undertema, som til dømes:

- Om kva det vil seie å vere kyrkje i dag: folkekirkje vs. misjonsmark, deltarar vs. tilskodar, relasjonell og diaonal kyrkje på tvers av generasjoner.
- Om forkynning: snakke sant om livet og om Gud.
- Om kasualia som livshjelp og livsmeistring: samtalen i samband med kyrklelege handlingar som viktige tilknytningspunkt for breidda av folkekirkja.
- Om mangfaldige fellesskap og gudstenester: kyrkja som eit fellesskap med mangfald, deltaking, utvikling av kristen identitet og håp, relasjonsbygging, rom for ulike kulturelle uttrykksformer og engasjement i ulike livsfasar.
- Om å vere kyrkje der folk er: kyrkleleg nærvær i lokalmiljøet, i utlandet, på studiestader, i militæret, i sosiale medium, på kulturarenaen.

Kvart undertema vert systematisert slik:

- Innleiing
- faglege refleksjonar
- erfaringar frå nettartiklar som belyser undertema
- kartleggings- og/eller refleksjonsspørsmål knytte til korleis ein kan ta tak i dette (henta frå planane, «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» og UKM si handsaming hausten 2012)



Utfordring til UKM 2012:

UKM 2012 er ein sentral aktør i å formulere gode kartleggings- og refleksjonsspørsmål som kan nyttast i antologien.

- Kva for spørsmål frå planane og «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» kan ein nytte for at kyrkja kan bli meir **relevant** for aldersgruppa 18-30.,
- Kva for spørsmål frå planane og «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» kan ein nytte for at kyrkja kan bli meir **livsnær** for aldersgruppa 18-30.
- Kva for spørsmål frå planane og «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» kan ein nytte for at kyrkja kan bli meir **tilgjengeleg** for aldersgruppa 18-30.
- Kva for spørsmål manglar?

Vedlegg

Ressursdokumentet til KM-sak 05/09: «Myndig tru, mangfaldig fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18 -30 år.»

Komiteen vil få tilgang på oppsummeringane frå dei to undersøkingane det er referert til i sak.

Dei vil også få tilgang til planane og ressursar for trusopplæring, diakoni, gudsteneste og musikk. Desse kan og lastast ned her: <http://www.kyrkja.no/Reformer>



Vedlegg 1

Myndig tru – mangfaldige fellesskap

Kyrkje med aldersgruppa 18-30 år

Eit evangelium for oppbrotet

Rett etter at Jesus døde på krossen, sit disiplane i Jerusalem bak stengte dører av frykt for verda utanfor. Nokre er glade og opprømte fordi dei har sett den oppstadne Jesus Kristus, medan andre er urolege og tvilande. Brått står Jesus midt i mellom dei. Han talar til dei, et saman med dei og let dei få sjå dei krossmerkte hendene og føtene hans. Så sender Han dei ut i heile verda for å dela det underet disipline sjølve har fått del i.

Denne forteljinga er eit evangelium til unge i alderspennet 18-30 år som lever med oppbrotet som ei grunnerfaring. Denne aldersfasen er for dei fleste ei tid der ein må bryta opp frå heimen og det vante: Til arbeid, reiser, studiar og nye relasjonar. For nokre startar oppbrotet allereie i 15/16-årsalderen. Denne livsfasen er ofte ei tid der ein nyt og plagast av mobilitet, men det er også ei tid der ein vert kjend med og tek nye stadar i eige. For sjølv i ein mobil nettverkskultur er behovet for å høyra til viktig. Ein del i denne aldersfasen gjer seg også erfaringar med korleis det er å etablera seg med bustad, familie og born. På mange måtar ber også denne etableringa preg av "oppbrot": Ein må bryta opp frå det fleksible og mobile livet i høve til stad og relasjonar som ein ofte har levd før denne etableringa.

Jesus gir disipline del i ei mobil tru, i det han opnar døra i Jerusalem og sender disipline ut i heile verda. Kjenneteiknet på denne mobile trua er ikkje at ho er rastlaus, men at ho kan levast ut på stadig nye stader, i stadig nye fellesskap, i tillit til Jesu løfte om sitt nærvær: "Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!" (Matt 28,20). Den treeinige Gud skapar kyrkja der menneske samlast om Ord og Sakrament. Dette er handlingar – eller praksistar – som gir mening i ulike kontekstar, og som igjen kan gi rom for meir kontekstuelte prega måtar å praktisera tru på.

Ei kyrkje som vil ta aldersgruppa 18-30 år på alvor må ta på alvor at denne aldersfasen ofte er ei tid for å oppdaga og å utforska. Det utfordrar kyrkja på kva det vil seia å vera kyrkje. Menneske i denne aldersfasen vil søkja til ulike typar fellesskap, både mindre fellesskap, der det er rom for samtalar ein til ein, ulike formar for nettverks- og interessellesskap og større fellesskap. For dei fleste er det slik at ein flyttar tilsvonet til ulike fellesskap. I møte med eit alderspenn der marknadens valdynamikk på mange måtar definerer tilnærminga til fellesskap, er det avgjerande at kyrkja som heilskap byd på eit mangfold av fellesskap. Samstundes er det viktig for kyrkja å vera særleg merksam på dei som av ulike grunnar fell utanfor desse fellesskapene.

Dei ulike kyrkjelege fellesskapene som fokuserer på unge menneske lever under ei dobbel forpliktning: Dei må både leva tett på samtidskonteksten og dei unges livsverd og ta på alvor at dei er ein del av ein større kyrkjeleg samanheng, der mangfaldet av fellesskap saman står ansvarleg for å forvalta og



formidla kyrkjas arv og oppdrag: Dei skal styrka og utfordra – myndiggjera – den trua som vert gitt i dåpen og kalla stadig nye menneske til eit liv i fellesskap med den treeinige Gud. Saman skal mangfaldet av kyrklege fellesskap utrusta alle døypte til det livet dei er døypte til, eit felles liv på Kristi eine lekam (1 Kor 12,13). Det er dette som er utgangspunktet både for kyrkjas mangfald og hennar einskap: "For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han" (1 Kor 12,12.27).

TEKSTBOKS :VISSTE DU AT... (FAKTABOKS)

- Det er i aldersgruppa 18-30 år at kjensla av å høyra til i kyrkja er lågast.
- Nesten 1/3 av alle som melder seg ut av Den norske kyrkja, melder seg ut når dei er mellom 18-30 år, medan det berre er 15% som melder seg ut etter at dei er fylt 50 år (2007).
- I 2007 var det nesten 2500 menneske i aldersgruppa 18-30 år som meldte seg ut av Den norske kyrkja.
- Medlemsprosenten ligg også noko lågare for denne aldersgruppa enn for aldersgrupper over førti år, på i underkant av 75 % (2007).
- Det er få i aldersspennet 18-30 år som døyper seg i Den norske kyrkja, gjennomsnittleg rundt 7 personar av kvart årskull (2007).
- 67,2 % av aldersgruppa 18-34 år har vore i kyrkja siste 12 månader i samband med dåp, bryllaup, gravferd, konfirmasjon, konsert etc., mot 72,4 % totalt (2000).
- 40,3% av dei spurde i aldersgruppa 18-34 år seier at dei aldri går til gudsteneste eller religiøst møte, mot 30,7% av 35-54 åringane (2000).
- Berre 32,8% i aldersgruppa 18-34 år meiner at oppdragninga i heimen var prega av kristen tru og moral (2000).
- *På kva måte utfordrar dette kyrkja?*

TEKSTBOKS :VISSTE DU AT... (FAKTABOKS)

- Over 90% av norske 16-18-åringar tek vidaregåande utdanning (2006).
- Totalt deltek tre av ti 19-24-åringar i høgare utdanning (2006).
- 16% av 25-29-åringar deltek i høgare utdanning (2006).
- Totalt er det tre av ti i Noreg i aldersgruppa 25-64 år som har fullført utdanning på universitets- og høgsskulenivå (2006).
- I aldersgruppa 18-29 år er det 9,1% som er gifte og 16,5% som er sambuande (2009).
- Gjennomsnittsalder for mor ved førstefødsel er 28,1 år og har vore stabil dei fire siste åra. Gjennomsnittlig fødealder for alle fødsler har vore 30,3 år dei tre siste åra. (2008)
- Gjennomsnittleg alder for førstegongsfedre var 33,4 år i 2008 og har vore stabil de siste seks åra med verdiar mellom 33,1 og 33,4 år (2008).
- Det er prosentvis flest arbeidsledige i aldersgruppa 18-30 år (2007).
- *På kva måte utfordrar dette kyrkja?*

Aldersfasen 18-30 år er for ein del også ei sårbar livsfase. Både oppbrotet frå barne- og ungdomsåra og etableringa i eige vaksenliv aktualiserer eksistensielle, sosiale og psykiske utfordringar. Livsfasen inneber ofte eit møte med ulike oppbrotsreaksjonar:

- Utfordringar i samband med å kome inn/ikkje kome inn på utdanning.
- Få/ikkje få jobb.
- Finna/ikkje finna ein å dela livet med.
- Livsmeistringsutfordringar knytt til samlivserfaringar.
- Få/ikkje få born.
- Utfordringar knytt til endra sosiale samlivsmønster og rusproblematikk.



Åra 18-23 blir ofte skildra som ei overgangskrise som tydeleggjer vanskelege kjensler i overgangen ung-vaksen. Det er ei viktig utfordring for kyrkja å vera ein relevant, tilgjengeleg og klok aktør i møte med spennet av livserfaringane i aldersgruppa 18-30 år. Her har kyrkja viktige erfaringar å arbeida vidare med ut frå studentprest- og feltpresttenesta si vektlegging på sjelesorg og diakoni. Plan for diakoni seier det slik: "Nestekjærleik omfattar alle sider ved menneskelivet. Det er periodar i livet der ein har evne og høve til å gi, andre gonger treng ein å få". (Plan for diakoni 2008:9). Aldersgruppa 18-30 år er ei brei og mangesidig utfordring til kyrkja, men satsing på denne aldersgruppa er heilt avgjerande for folkekirkjas framtid. Ressursdokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap ønskjer* å vera eit strategidokument for kyrkjas satsing på aldersgruppa 18-30 år. Myndiggjering av heile mennesket og trua som vert gitt i dåpen er særleg viktig i denne aldersfasen. Men dette kan skje på fleire måtar: Det handlar om å utvikla kyrkjas gudstenestefellesskap, slik at fleire i denne aldersgruppa finn vegen dit. Men det handlar også om måten kyrkja viser omsorg for alle dei i dette aldersspennet som ikkje finn vegen til kyrkjas gudstenestefellesskap, men som i ulike livssituasjonar treng å møta kyrkja og den evangeliske omsorga kyrkja forvaltar. Dette dokumentet vil utfordra heile Den norske kyrkja og kvar einskild kyrkjelyd til kontekstuell refleksjon, der følgjande spørsmål er særleg viktige:

- *Kva kjenneteiknar aldersgruppa 18-30 år i vår kontekst?*
- *På kva måte er dei ein ressurs i kyrkja?*
- *På kva måte er deira erfaringar ei utfordring for kyrkja?*
- *Korleis kan ein møta desse utfordringane?*
- *Korleis kan ein vidareutvikla og fornya arbeid med aldersgruppa 18-30 år i vår kontekst?*
- *Korleis kan kyrkja utrusta menneske i denne aldersgruppa til teneste for nesten og skaparverket?*

Konteksten: Mellom marknad og møte

Aldersgruppa 18-30 år er kanskje dei fremste ekspotentane for det marknadsprega valsamfunnet vi lever i. Dei er både *marknadsleiande* og *marknadsprega*. Dei er marknadsleiande på den måten at dei ofte er "i front" i høve til trendar, slik at deira val og preferansar kan gi eit visst inntrykk av kva val og preferansar som vil prega heile samfunnet i framtida. Dei er marknadsprega gjennom at dei meir enn andre lever mobiliteten som kjenneteiknar den seinmoderne marknaden. Aldersspennet 18-30 år i dag vert ofte omtala som Generation Y, ofte avgrensa til dei som er fødde (ca.) mellom 1977-2000. Dei vert også omtala som E-generation, Trophy Kids eller millenniumsgenerasjonen. Numerisk sett er det ein liten generasjon på grunn av fallande fødselstal i perioden, men likevel er dei ein generasjon som i stor grad set preg på samfunnet. Ei kyrkje som vil ta på alvor arbeid med aldersgruppa må også ta på alvor marknadens dynamikk, utan at det tyder at kyrkjeleg arbeid mellom unge 18-30 år skal vera marknadsstyrt. Samtidig er det viktig å vera klar over at menneske i denne generasjonen lever i ulike livsfasar. For ei kyrkjeleg satsing overfor denne målgruppa er det viktig å reflektera over at ikkje alle i denne aldersfasen lever som uetablerte studentar i ein av dei store byane. I ein del tilfelle er det særleg her kyrkja står framfor store utfordringar:

- Korleis vert ein som lokalkyrkjelyd kjent med behov og interesser i aldersgruppa 18-30 år?
- Korleis relaterer kyrkja seg til unge vaksne utanfor dei store byane, som ikkje har/skal gifta seg i kyrkja eller har små born?



Dei er også for alvor den første generasjonen som har lært seg å gjera nytte av den pågåande kommunikasjonsrevolusjonen. Mobil og internett har også ført til at dagens oppveksande generasjon har fått ein større aksjonsradius. Men denne mobiliteten kan for ein del vera krevjande: Vala ein står overfor i livsfasen som ung vaksen gir seg ikkje lenger nødvendigvis ut ifrå tradisjon eller sosiale strukturar. Ein er dømt til å velja. Forminga av identitet er i større grad enn før ein prosess med open utgang. Dette set auka krav til individet. Auka krav til å framstå med ein identitet som merker seg ut og eit liv som flyter smertefritt mellom ulike kontekstar vert utfordra av ein djup trøng etter fellesskap og ei auka interesse for stader og tradisjonar, etter kontinuitet og ei kjensle av å høyra til, etter noko som er autentisk, som er "ekte". I ein del samiske område kan dette vera ei særleg merkbar utfordring, når ein t.d. flyttar mellom samiske majoritets- og minoritetsområde. Samtidig er denne erfaringa uttrykk for ei ålmenn utfordring: Eit kvart oppbrot utfordrar til identitetsforvaltning.

- Korleis relaterer eg til heime- og heimstadidentiteten etter at eg har flytta?
- Eller: Korleis relaterer eg til heime- og heimstadidentiteten min etter at store deler av dei jamgamle vennane mine har flytta bort?
- Og ikkje minst: Korleis påverkar slike oppbrot forvaltninga av min eigen trus- og kyrkje(lyds)identitet?

TEKSTBOKS : KOMMUNIKASJON

I møte med ein generasjon som har vakse opp med den digitale kvardagen, og som brukar nettet aktivt for å innhenta informasjon, utfordrast kyrkja på kommunikasjon. Aldersspennet 18-30 år er også tida der ein startar studie- og yrkesliv. For mange inneber dette flytting til nye stader og eit oppbrot frå kyrkjelyden som har vore ramma om barne- og ungdomsåra. God kommunikasjon handlar ikkje om tilstrekkeleg informasjonsflyt, men utfordrar kyrkja på ei side ved hennar diakonale oppdrag – korleis kyrkja er nærværande i møte med ulike livsskjebnar.

- Korleis kan kyrkja sin kommunikasjon med aldersgruppa 18-30 år betrast?
- Korleis kan kyrkja utvikla sitt nærvær og sin kommunikasjon knytt til overgangfasar, t.d. flytting frå "heimekyrkjelyd" til studentliv eller arbeidsliv ein annan stad?
- Korleis kan "heimekyrkjelyden" fungera som "sendekyrkjelyd" i oppbrotet til ein ny livsfase og til ein ny stad?
- Korleis kan dei ulike "mottakarkyrkjelydane" arbeida for å inkludera flest mogeleg i denne aldersgruppa?

TEKSTBOKS: REKRUTTERING

Rekruttering av unge menneske til kyrkjeleg teneste er ei kontinuerleg utfordring. Mykje tyder på at denne utfordringa ikkje vert mindre i åra som kjem. Særleg i samiske område er dette ei stor utfordring, og truleg trengst det ei særleg merksemd frå kyrkja si side på denne utfordringa. Det er også ei vedvarande utfordring korleis kyrkja i denne aldersfasen kan verta ein relevant samtalepartner for utviklinga av eigen identitet – også knytt til yrkesval.

- Korleis skal ein arbeida med rekruttering av unge menneske til kyrkjeleg utdanning?
- Korleis kan ei medvite satsing på kyrkjeleg arbeid med unge (15-30 år) vera med å bidra til rekruttering til kyrkjeleg teneste?
- Korleis kan kommunikasjon om og kall til kyrkjeleg utdanning i siste del av ungdomsfasen 15-19 år medverka til at fleire unge vel kyrkjeleg utdanning, særleg i samiske område?

Det er heller ikkje overraskande at denne livsfasen er ei tid for kyrkjeleg oppbrot. For ein del vert det ei tid der ein vil prøva ut andre kyrkjelege erfaringar enn den ein evt. har fått i barne- og



tenåringsfasen. Det at ein særleg i første del av dette aldersspennet vel bort aktiv kyrkjeleg deltaking er ikkje eit særnorsk fenomen. Dei som vel dette bort vender ikkje nødvendigvis tilbake i vaksen alder. Det er gjort fleire undersøkingar, både i Europa og USA, av korleis deltaking i

kyrkjelege fellesskap utspelar seg i denne aldersfasen og korleis 18-30 åringer forstår det å høyra til i kyrkja og i kyrkjelege fellesskap. Eit hovudtrekk ved desse undersøkingane ser ut til å vera at oppbrot frå kyrkjelege fellesskap først og fremst er knytt til livs(fase)endringar og relasjonar: Ein vert for travel, ein vil ha ei pause, ein flyttar til studiar eller jobb, ein reiser eller ein kjem inn i nye relasjonar som vert avgjerande for kva fellesskap ein vel å tilhøyra. Likeeins viser desse undersøkingane at dei som finn vegen til kyrkjelege fellesskap i denne aldersfasen gjer det gjennom relasjonar og eksistensielle livsfase-erfaringar. Og dei vert verande fordi desse fellesskapa vert ein meiningsberande del av kvardagen her og no.

Det verkar som ein i denne aldersfasen, i større grad enn før, legg eit funksjonsdefinert mål på kvifor ein vel å vera med i ulike fellesskap, kyrkjelege eller ikkje. Stilt over for marknaden av ulike religiøse fellesskapstilbod vel ein ut i frå profil, behov og vennars val. Fleire undersøkingar tyder også på at erfaringar frå 15-18 års fasen, t.d. gjennom konfirmanttida, ofte er heilt avgjerande for i kva grad ein opplever kyrkja og hennar ritual, handlingar og fellesskap som relevante og verdifulle: Dei erfaringane ein gjer seg med kyrkjelege fellesskap i slutten av tenåra, konfirmasjonstida inkludert, spelar ei avgjerande rolle for om folk i aldersgruppa 18-30 år vel å melda seg ut av kyrkja eller ikkje. I ein del land, der det kan vera økonomisk "forlokkande" å melda seg ut av kyrkja (t.d. i Finland), er 18-30 års fasen ein særleg kritisk fase, der etter måten mange vel å melda seg ut av kyrkja.

Organiseringa av kyrkjeleg medlemsskap i Noreg gjer at ein ikkje må forholda seg direkte til tilsvarande problemstillingar i ein norsk kontekst. Men det er likevel slik at det er i aldersgruppa 18-30 år at det er forholdsmessig flest utmeldingar også i Den norske Kyrkja. Noko av dette handlar truleg om livsfase, men det bør likevel utfordra Den norske kyrkja til å nytenka og utvikla si satsing på aldersgruppa 18-30 år. Kanskje trengst det også meir empirisk forsking på denne aldersgruppa, særleg kvalitativ forsking som kan seia noko om kva som er avgjerande for tilhørighet til kyrkja og kva som gjer at ein deltek i kyrkjelege fellesskap i denne aldersgruppa.

- Korleis kan Den norske kyrkja styrka tilhørigkeit til kyrkja i denne aldersfasen?
- Korleis kan det å byggja vidare på konfirmantarbeidet vera med å styrka tilhørigkeit til kyrkja i aldersgruppa 18-30 år?

Myndig tru

Trua vert gitt i dåpen. I dåpen vert den døypte frelst frå synda og døden og sameina med Kristus til eit fellesskap som er rotfesta i Kristi død og oppstode. Trusopplæring er opplæring i den trua ein mottok i dåpen. Ei slik opplæring skal gi hjelp til å tolka og leva sitt liv i lys av dåpens gave i stadig nye kontekstar og gjennom stadig nye livsfasar. I Plan for trosopplæring i Den norske kirke fokuserer ein på trusopplæring som livslang læring og om tida etter konfirmasjonstida seier ein:

I ungdomstiden etter konfirmasjonsalder kan trosopplæringen bygge videre på den kontakten som er etablert gjennom konfirmasjonstiden. Her vil det være mulig å utvikle "linjetilbud" der man får mulighet til å utvikle seg selv som menneske i samspill med andre. Trosopplæringen vil kunne ha en noe annen karakter enn før konfirmasjonen, der almennmenneskelige temaer som ungdom er opptatt av, relateres til troen. Ungdomsgudstjenester kan være en hovedarena for kirkens trosopplæring i



ungdomsfasen, der ungdom involveres i planlegging og gjennomføring. (Plan for trusopplæring i Den norske kirke: 18)

I sum fokuserer trusopplæring for aldersfasen 15-18 år på deltaking i kyrkjelydens gudstenesteliv og på trusopplæringstilbod som både er fleksible og faste på same tid. Målet med dette er at ein som kyrkje kan koma i dialog med dei ulike arenaene ein som ung deltek i. Mange av dei som er aktive i ulike formar for kyrklege ungdomsarbeid i aldersfasen 15-18 år vert aktive gjennom konfirmasjonstida. Det er heilt avgjerande at Den norske Kyrkja arbeider vidare med korleis konfirmasjonen som breiddetiltak for alle døypte kan vidareførast i åra etter konfirmasjonen gjennom eit mangfold av ulike formar for kyrklege ungdomsarbeid: Oppfølgjande leiartreningskurs av ulikt format, gudstenestearbeid og gudstenesteliv som utfordrar og engasjerer, mindre fellesskap, interesse- og behovorienterte fellesskap og ikkje minst deltaking i allereie eksisterande ungdomsarbeid, ofte i regi av dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. Samtidig er det også avgjerande at desse ulike fellesskapa har eit medvite fokus på korleis dei utrustar og sendar ut til vidare liv i ulike kyrklege fellesskap i andre kontekstar.

I den samme trusopplæringsplanen, under kapitlet om konfirmasjonen, står det:

Konfirmasjonen markerer ikke lenger den unges overgang til de voksnes rekker. I dag gir konfirmasjonen god anledning til dialog mellom kirken og ungdommene når de er i en alder der viktige refleksjoner om tro, verdier og veivalg for livet skal foretas. Religiøs myndighetsalder er i Norge femten år. Konfirmasjonen kan dermed også ses som en tid for myndiggjøring av kirkens medlemmer". (Plan for trusopplæring for Den norske Kirke: 20).

"Myndiggjering" kan vera ei hovudoverskrift for kyrkja sitt arbeid for aldersspennet (15)18-30 år. Som 15-åring vert ein religiøst myndig. Dette fell i Noreg saman med tida for konfirmasjon. Når ein vert 18 år, vert ein myndig i borgarrettsleg forstand. Det er heilt avgjerande å sjå aldersfasen 18-30 år saman med det som skjer frå konfirmasjonen og fram til 18 årsalderen. Difor kan det vera meiningsfullt å forstå konfirmasjonen som starten på kyrkjas vaksenkatekumenat, ikkje som avslutninga på hennar barnekatekumenat. Dette katekumenatet skal vekkja og styrkja ei myndig tru. Det skjer gjennom at ein oppdagar og utforskar mangfaldet i den trua som vert gitt i dåpen.

TEKSTBOKS : TRE STRATEGIAR – "NEDANFRÅ" , "OVANFRÅ" OG NYE IDEAR

1)Trusopplæring "nedanfrå"

Dei siste åra har Den norske kyrkja vore opptekne med å utvikla ei systematisk trusopplæring for aldersgruppa 0-18 år. Denne satsinga fordrar også ei systematisk oppfølging av dette i aldersspennet som følgjer, 18-30 år, mellom anna fordi mange av dei som har vore engasjerte i ulike trusopplæringstiltak etter kvart vil tilhøyra denne aldersgruppa. Utviklinga av trusopplæringsstrategiar for aldersspennet 18-30 år krev nytenking og kreativitet. Ikke minst er det avgjerande å byggja vidare på konfirmasjonen og evt. tiltak som følgjer etter.

- Korleis kan ein byggja ut trusopplæringsstrategiar med utgangspunkt i konfirmasjonstida som fører inn i neste aldersfase?
- På kva måte kan gudstenestelivet i kyrkjelyden inkludera 15/18-30 åringar?

2)Trusopplæring "ovanfrå"

I denne aldersfasen kan også kyrklege handlingar vera eit viktig kontaktpunkt med kyrkja. Mange i denne aldersgruppa vil i løpet av dette aldersspennet eller i tiåret etterpå møta kyrkja ved dåp, anten som foreldre eller fadrar, og ved vigsel. Nokre har også barn i barnehagealder som også gir ei rekkje kontaktpunkt med



lokalkyrkja, til dømes helsing på dåpsdagen og 4-års bok. Samtidig må ein sjå på korleis ei vidareutvikling av allereie eksisterande tiltak kan supplerast med ”nye” tiltak slik at ein kan nå breidda av dei døypte i dette aldersspennet.

- Korleis kan dåppssamtale og vigselssamtale brukast som utgangspunkt for arbeid med aldersgruppa 18-30 år?
- På kva måte kan samlivs- eller relasjonskurs eller tiltak retta mot born og foreldre, som babysang eller utdeling av 4-årsbok, fungera som kyrkjeleg arbeid for aldersgruppa 18-30 år?

3) Nye idéar

Det er også viktig å utarbeida tidsavgrensa tiltak, t.d. nye ”riter”, og meir kontinuerlege tiltak, som t.d. gudstenester, behovsretta kurs eller mindre fellesskap. Fleire unge i denne aldersgruppa etterlyser fellesskap og samanhengar der det er rom for å dela og læra om tru på ein måte som opplevast som relevant utifrå deira livssituasjon.

- På kva måte er unge menneske der du bur ein ressurs for heile kyrkjelydsfellesskapet?
- Kva fellesskap treng unge menneske i din kontekst?
- Kven snakkar du med for å finna dei gode idéane?
- **Korleis kan ein kombinera desse tre strategiane?**

EKSEMPEL PÅ PRAKSISFORTELJING: GO WEST!?

Dei seinare åra har både den katolske kyrkja og t.d. den lutherske kyrkja i USA arbeidd mykje med å fornya vaksenkatekumenatet i tråd med den oldkyrkjelege katekumenatetstradisjonen. I den katolske kyrkja kallast dette oftast for R.C.I.A. – Rite of the Christian Initiation of Adults. I den lutherske kyrkja i USA, ELCA, har ein omtala dette som Adult Catechumenate. Dette har skjedd som ein del av ei gjenoppdagning av kva som er det særegne ved kyrkjas oppdrag i ein kultursituasjon som liknar oldkyrkjas kultursituasjon, der mange ikkje får kjennskap til kristen tru i familien. Dei som vert med på slike kurs eller opplegg gjer det ofte med utgangspunkt i dåp eller vigsel, eller gjennom kjennskap til menneske som har vore med før eller med utgangspunkt i erfaringar som gjer at ein vil søkja eit kyrkjeleg fellesskap. Alle som deltek får ein personleg fadder eller mentor og vert del av eit mindre fellesskap.

Katekumenatet er bygt opp etter kyrkjeåret, slik at det startar på hausten. Den første tida fram mot advent vert brukt til å finna ut kva som er dei sentrale livs- og trusspørsmåla for kvar enkelt. I openberringstida og fastetida går ein så til kjeldene for å undersøkja og oppdaga dette. Denne læringstida fører så fram til påsketida, der ein på ei gudsteneste påskennatt vert døypt eller feirar at ein vart døypt gjennom ei dåpspåminning. Men det er likevel tida etter påske og fram til pinse som er den avgjerande i dette opplegget. I denne tida skal ein forsøkja å finna ut kva innverknad vandringa med Kristus skal få på heile det livet ein er sett til å leva – i familien, i lokalsamfunnet, på jobben, i fritida, på skulen. Denne refleksjonen fører fram mot ei konfirmasjonsliknande handling. Ved pinse vert ein sendt ut med forbønn og velsigning til teneste i verda, i kvardagen.

- *Korleis kan erfaringar frå eit slikt opplegg brukast i kyrkjas arbeid mellom kyrkjas unge vaksne i Noreg?*

Det Lutherske Verdsforbundet (LWF) gav i 2004 ut boka – *Mission in Context* – der dei teiknar opp kyrkjas trinitarisk funderte sending knytt til tre hovedomgrep – *transformation, reconciliation og empowerment* – forandring, forsoning og myndiggjering. Myndiggjering referer til Jesu ord i



Apostelgjerningane 1,8: "Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av verda". Ein legg vidare vekt på at den treeinige Gud myndiggjjer alle kristne i heile Guds kyrkje gjennom at dei får del i Andens gåver.

Denne guddommelege myndiggjeringa av kvar døypt medlem verkar til forsoning og forandring. Det avgjerande er at det er Gud som er handlande subjekt for denne myndiggjeringa og gir av sine gåver (Mission in Context: 35-36). Kyrkja sitt oppdrag er å myndiggjera alle hennar døypte medlemmar gjennom at dei får høve til å oppdaga Den Heilage Andes gjerning i deira liv. Gjennom det kan ein sjå at ein er del av ei større sending og eit større fellesskap.

I aldersfasen 18-30 år er oppbrot og flytting ei grunnerfaring. Menneske i dette aldersspennet vel ofte også kritisk det dei deltek på utifrå kriterium knytt til relevans og autentisitet. I denne fasen er difor eit fokus på myndiggjering heilt avgjerande. Det er ikkje lenger mogeleg å satsa einsidig på aldersdefinerte tiltak, som t.d. 4-årsbok eller konfirmasjon, fordi ein i denne aldersgruppa vil vera på ulik plass til ulik alder. Truleg må kyrkja i større grad utvikla behovs- og funksjonsdefinerte tiltak, slik at unge menneske kan erfara at den kyrkja dei er døypt inn i er ei livsnær kyrkje. Dette handlar ikkje om ukritisk marknadstilpassing av bodskapen, men om omsorg for breidda av (unge) menneskes liv. Det handlar om at mange unge kan uttrykka at dei ikkje treng Gud og kyrkja i kvardagen. Dette er ei stor og viktig utfordring til kyrkja si sjølvforståing. Det er difor heilt avgjerande at dei ofte funksjonsdefinerte møta som finn stad kan bidra til å myndiggjera den trua som vert gitt i dåpen. Med utgangspunkt i slike møte kan døypte kvinner og menn i denne aldersfasen bli myndiggjorte til å sjå og tolka breidda av sine liv – relasjonar, arbeid, studiar, reiser, fritid – som ei gave – som ein del av Guds sending til verda: Evangeliet kyrkja lever av er Ordet om at den treeinige Gud nyskapar si kyrkje utanfrå gjennom å gi oss del i sin frelsande nåde og sine gåver. Gjennom dette vert vi myndiggjorte til å delta i den forandringa og forsoninga Gud vil for verda – i teneste for nesten og skaparverket.

TEKSTBOKS : KVAR ER VI, KVAR ER KYRKJA, I UNGE MENNESKES KVARDAG?

- når ein bryt opp frå heimen
- når ein leitar etter eit spennande studium
- når ein jaktar etter ein god livspartner
- når ein lurar på kva ein skal gjera når ein vert gravid utan å ha "planlagt" det
- når ein etablerer seg på ein ny stad
- når ein søker jobb
- når ein leitar etter trygg identitet
- når ein spør seg korleis ein kan vera med å arbeida for ei betre og meir rettferdig verd
- når ein har spørsmål kring eigen seksualitet
- når ein opplever i skilsmiss
- når ein vert ramma av sorg
- når ein spør seg om ein skal døypa borna sine eller ikkje

Den tyske teologen Dietrich Bonhoeffer tala også om myndiggjering. For han var det eit poeng at vi må tiltala mennesket med evangeliet der ho kjenner seg sterkest, midt i livet. Trua og evangeliet er ikkje ei krykke. Berre ved å tiltala mennesket med evangeliet der ho kjenner seg sterkest, kan evangeliet verka myndiggjende. I ei større undersøking av unge vaksne i britisk kontekst vart også myndiggjering (*empowerment*) ein hovudkonklusjon for korleis kyrkja bør møta dei som no er i aldersgruppa 18-30 år. Familie i vid forstand er viktig for unge vaksne, og kyrkja sitt arbeid med



aldersgruppa 18-30 år må difor ta på alvor og koma i dialog med dei ulike familiære og relasjonelle nettverka menneske i denne aldersgruppa er ein del av. Gjennom dette kan ein styrka og myndiggjera dei unge i denne aldersgruppa til å leva og fostra ei myndiggjort tru og eit heilt liv i alle dei

relasjonane og på alle dei stadene dei er ein del av. Ei slik tilnærming vil også kunne knyta an til ei luthersk forståing av kallet og til ein misjonalt prega dåpsteologi. Som kristne er vi kalla til å leva i Guds verd og bruka dei gåvane Gud har gitt oss til glede for og i teneste for nesten og skaparverket. Som kyrkje og einskildkristne har vi gjennom dåpen del i ei sending til verda. Vi er myndiggjorte til å vera Guds medarbeidarar i verda, i vårt eige liv og i andres liv. Difor heng det misjonale perspektivet og myndiggjering tett saman. Kyrkjeleg arbeid med unge i aldersfasen 18-30 år må bidra til ei "sending frå barndoms- og tenåringsåra" til liv og teneste i Guds verd. Denne sendinga er festa i trua som vert gitt i dåpen og til kallet om å leva som heile menneske i Guds skaparverk.

Mangfaldige fellesskap

Dei fleste av dagens unge er gode på å flytta mellom ulike arenaer, der ein vekslar mellom ulike handlingsmønster, ritual, og vanar. Det opplevast tilsynelatande uproblematisk å gå inn og ut av ulike tradisjonar og kontekstar. Når ein er på skulen, så leiker ein "skuleleiken", og deltek aktivt i det handlingsmønster og dei rollene denne "leiken" krev. Når ein er i kyrkja, så leiker ein "kyrkjeleiken" i tråd med kyrkjetrodisjonen. Når ein er på kjøpesenter, så leiker ein "kjøpesenterleiken". Når ein er i familien, så leiker ein "familieleiken". Som ung lærar ein seg kunsten å flytta mellom dei ulike kontekstane – mellom delte heimar, mellom ulike vennegjengar, til studieliv, til utlandet. Utvikling av eigen identitet handlar også om å byggja ein identitet som opplevast som samanhengande, som bind dei ulike kontekstane saman. Dette er ei spennande utfordring for kyrkja og trua.

Mykje tyder på at denne aldersgruppa sine forventningar til fellesskap materialiserer kva utfordringar kyrkja vil møta i framtida. Kanskje merkast det særleg på at det ikkje lenger er alder som definerer kyrkjeleg deltaking, men funksjon, behov, kultur og livsfase. For mange er det også viktig å oppleva fellesskap på tvers av generasjonane. Her har kyrkja som fellesskap ein særleg styrke. Utfordringa for kyrkja er å byggja og invitera til eit mangfold av fellesskap og nettverk. Samtidig har Den norske Kyrkja ei særleg muligkeit og utfordring knytt til korleis dette skal ta form i det som er Den norske Kyrkja sin grunnstruktur, soknet.

Kyrkja og kyrkjelege fellesskap kan verta ein *stad* også i unge menneskes liv. *Stad* vert her forstått som ein plass der viktige ting som har skjedd vert hugsa på og formidla vidare til nye generasjonar og einskildmenneske slik at staden tilbyr kontinuitet, identitet og tilhørighet på tvers av generasjonar. Slike stader kan verta kraftsentrum i unge menneskes liv når dei byd på eit møte med den store forteljinga og mi eiga forteljing.

For disiplane vart møtet med den oppstadne Kristus i Jerusalem ein slik stad, eit møte mellom deira eiga forteljing og den store forteljinga. Det kristne fellesskapet kan også vera ein stad, som knyt saman dei mange romma som unge menneske flyttar mellom. Ungdomstida byd ofte på sterke fellesskapsopplevelingar. Kyrkjeleg arbeid med unge skal verken utnytta eller frykta ein slik dynamikk. Difor er det viktig å reflektera over kva stad vi ønskjer at våre kristne fellesskap skal vera. Kyrkjeleg arbeid med unge må by på fellesskap som gir hjelp til å knyta saman tru og eiga livshistorie. Måten dei ulike fellesskapa – familien, vennefellesskapet, kyrkjelyden – lever og praktiserer trua på er heilt



avgjerande for om dei unge som er med i desse fellesskapa skal oppleva trua som meiningsfull. Heilt avgjerande er også måten ein talar om Gud og trua på. Det er avgjerande at desse fellesskapa gir rom for å tala om og søkja ein Gud som er levande til stades i kvardagen. Erfaring av korleis trua levast og praktiserast i fellesskap som talar om og med Gud i presens er avgjerande for at trua kan verta ei tru som kan modnast og flytta med.

TEKSTBOKS : GUDSTENESTE SOM STAD

Den norske kyrkja er i ferd med å gjennomføra ein stor gudstenestereform. Dei tre kjerneverdiane for denne reforma er *deltaking, involvering* og *stadeigengjering*. Desse tre verdiane vil også vera avgjerande for gudstenestearbeid i aldersgruppa 18-30 år. Gudstenesta som fellesskap verkar å vera ein viktig *stad* for mange av dei i aldersgruppa 18-30 år som deltek aktivt i kyrklege fellesskap, særleg i dei store byane. Samstundes veit ein mindre om kva type gudstenestefellesskap som fungerer eller kan fungera for unge i denne aldersgruppa utanfor dei store byane, slik at gudstenesteliv og gudstenestefellesskap kan verta ein *stad* som knyt saman dei mange romma som dei unge i denne aldersgruppa flyttar mellom.

- Korleis kan kyrkjelyden der du bur, eller prostiet du bur i, stimulera lokale og kontekstuelle prosessar knytt til aldersgruppa 18-30 år si deltaking i gudstenestelivet?
- Kva kan vera tid, rom og rammer for slike fellesskap og korleis skal evt. målgruppfellesskap relatera seg til heile det kyrklege fellesskapet?

Korleis skal så kyrkja skapa slike fellesskap som er meiningsfulle og skapar grobotn for ei mobil tru? Dei siste tiåra har ein i fleire kyrkjesamfunn i fleire ulike land arbeidd med etablering av eigne kyrkjelydar for unge. I boka *Youth Congregations and the Emerging Church* frå 2002 hevdar biskop i den anglikanske kyrkja, Graham Cray, at organiseringa av eigne kyrkjelydar for unge kan vera ei riktig løysing ein del stader. Cray argumenter for dette langs tre liner:

1. *Sosiologisk*: Svært få unge i ein britisk kontekst har kunnskap og kjennskap til kva det vil seia å leva som kristen. Kyrkja har ikkje gjennom sine vanlege strukturar vore i stand til å nå ut til desse. Ei kyrkje som vil ta del i Guds mangfaldige misjon i verda må opna opp for mangfaldet av mogelegeheter den nye kultursituasjonen gir for kyrkja sitt arbeid blant unge.
2. *Utviklingspsykologisk*: Ungdomstida er ei strategisk viktig tid for val av tru. 70 % av dei som kjem til tru gjer det før dei er 20 år.
3. *Theologisk*: Gud er i sitt vesen ein sendande gud. Faderen sender Sonen, og Faderen og Sonen sender Anden. Difor må kyrkja også vera ei sending utover, til i dette tilfellet dei unge, ikkje berre ei "kom til oss"-rørsle. Ein trinitarisk og misjonal ekklesiologi bør sjå det som ein viktig del av kyrkja si sending til ungdomskulturen å vurdera alternative fellesskap for unge.

Men Cray ser det som viktig å skjelna mellom ungdomskyrkjelydar og ungdomskyrkjer (*youth congregations and youth churches*). Ein ungdomskyrkjelyd er ei forsamling unge som har ei eller anna form for offisiell og ordna tilknyting til kyrkja på staden – anten til det lokale soknet/prestegjeldet, til prostiet eller direkte til biskopen. Å tala om "ungdomskyrkje" er ifølgje Cray meir eksklusivt og potensielt kyrkjesplittande, då ein slik storleik fort vert meir frittståande i høve til resten av kyrkja på staden.

TEKSTBOKS: EIGNE UNGE VAKSNE-KYRKJELYDAR?

Dei siste tiåra har det også i Den norske kyrkja vakse fram kyrkjelydar eller fellesskap med særleg fokus på



ungdom eller unge vaksne, særleg knytt til dei kristne organisasjonane sitt forsamlings- og nettverksarbeid i dei største byane. Dette er ei spennande utvikling, men her vil det vera store kontekstuelle skilnader og difor ulike utfordringar. Når ein skal vurdera korleis ein arbeider med dette lokalt kan det vera tenleg å arbeida med følgjande problemstillingar:

- På kva måte kan kyrkjja og hennar gudstenesteliv i vår kontekst best koma i dialog med unge og deira kultur og livsverd?
- Korleis skal ein i vår kontekst arbeida for best å nå dei (unge) menneska som ikkje vert nådd av kyrkjjas arbeid?
- På kva måte kan unge best få del i ressursen det er å bli kjent med liv og truserfaringar frå andre generasjonar og aldersgrupper?
- Korleis skal evt. eigne unge vaksne-fellesskap forholda seg til det større kyrkjelege fellesskapet?
- Kven kan arbeida som vaksne vegleiarar og mentorar i slike fellesskap? Korleis kan ein evt. "trena" opp slike vegleiarar lokalt?

Martin Luther arbeidde med å utvikla nye gudstenester og nye gudstenestefellesskap for å nå ut til nye menneske. For Luther er det Guds Ord forkynt, altså Kristus, som skapar kyrkje. I si innleiing til Ei tysk messe (1526) talar han om tre typar messer der dette kan skje – den latinske messa, den tyske messa og ei tredje messe, som er meint som ein mogelegheit til åndeleg fordjuping for dei som ønskjer det. Den latinske messa skulle vera for dei stadene der ein hadde ressursar til ei litt meir storlagen gudstenestefeiring, t.d. i ein katedral. Den tyske messa skulle vera for dei som ikkje er kjent med kristen tru og fellesskap, med eit særleg fokus på dei unge. Luther såg nok helst for seg at vegen gjekk frå det store fellesskapet til det mindre, men i vår tid kan ein også tenkja seg at det er mogeleg å gå frå det vesle fellesskapet til det store. Det vesle fellesskapet er ofte eit fellesskap som er tettare og meir dynamisk – knytt til at ein er i meir eller mindre same livssituasjon. I slike fellesskap kan ein oppleva at trua vert livsnær på ein annan måte enn i det store fellesskapet. Samtidig er dette mindre (gudsteneste-)fellesskapet heilt avhengig av sin relasjon til det store (gudsteneste-)fellesskapet. Erfaringane i det mindre fellesskapet kan førebu ein på eit liv i det store fellesskapet – og omvendt – og saman forvaltar mindre og større fellesskap kyrkjjas arv og oppdrag i kvar einskild lokal kontekst.

TEKSTBOKS: NETTVERKSFELLESSKAP

- Korleis kan nettverksfellesskap og mindre fellesskap og som treff målgruppa 18-30år – t.d. samlivskurs, babysang, studentfellesskap, militærfellesskap, smågrupper – fungera som dynamiske og livsnære fellesskap som også kan visa vegen til eit større fellesskap?
- Korleis kan denne aldersgruppa si interesse for kunst, læring og kunnskap utfordra til danning av ulike formar for fellesskapstilbod i kyrkjeleg regi, som t.d. kurs, leifarar og nettbaserte fellesskap?
- Korleis kan ulike fellesskap som målber kyrkjas sosial-etiske engasjement bli ein del av og utfordra mangfaldet av kyrkjelege fellesskap til handling?
- Kva type gudstenestefeiring kan finna stad i slike fellesskap?

Kyrkja sitt arbeid med aldersgruppa 18-30 år kan ikkje forsøka å stilla seg utanfor den seinmoderne forbrukarkulturen, men ho må gå aktivt i dialog med kulturen. Samstundes er det heilt avgjerande at eit kvart fellesskap av unge (vaksne), må stå i eit nært forhold til ei sendande kyrkje, og helst ein konkret kyrkjelyd. Det fordrar ei svært sendemedviten kyrkje med eit langsiktig perspektiv på sendinga. Viss ikkje kan etableringa av ungdomskyrkjelydar eller unge vaksne-kyrkjelydar bidra til å forsterka splittinga mellom vaksensamfunnet og ungdomskulturen. Dei som vel å engasjera seg som vegleiarar eller pastorar i ungdomskyrkjelydar må difor vera viljuge til å ha eit langt tidsperspektiv for å kunne følgja dei unge som vert med i eit slikt fellesskap eller ein slik kyrkjelyd. Det er heller ikkje



sikkert at det vert særleg misjonalt i lengda å hindra gamle menneske å få del i unge menneske sitt trusliv og visdom – og omvendt. Det avgjerande er korleis ein kan skapa ein god blanding av ulike typar kyrkjelege fellesskap – ein *kyrkjeleg blandingsøkonomi* – som både gir rom for tettare fellesskap, særleg i overgangfasar, og for dei store, og meir opne fellesskapa.

Mangfaldig tru – myndige fellesskap

"Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar!" (Matt 4,19)

"Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!" (Matt 11,28)

Jesu myndiggjering av sine disiplar vert til i samspelet mellom desse to "kom". Aldersspennet 18- 30 år er ei tid for å rotfesta og utvikla ei myndig tru. Ein viktig del av dette handlar om å utforska trua sitt mangfald og djupn. Denne utforskinga finn ofte stad i eit samspel med erfaringar frå eit mangfald av ulike fellesskap. Eit kvart kyrkjeleg fellesskap må også vera myndige. Med "myndige" meinast det her både at kyrkjelege fellesskap med unge treng å verta myndiggjorte formelt av den strukturen dei er ein del av, men også at dei er seg medvitne og tek ansvar for den samanhengen og konteksten dei står i.

Både tenåra og åra som følgjer etter er ei viktig identitetstid, der ein arbeider med å binda saman si eiga verd til eit heile. Det er ei tid for eksistensielle oppbrotsfaringar som også utfordrar kyrkja sin diakoni og sjælesorg. Å vera kyrkje handlar om å dela evangeliet og visa omsorg for breidda av menneske i denne aldersgruppa, også dei som ikkje finn vegen til kyrkjas gudstenestefellesskap. Siste del av ungdomstida er ofte avgjerande for verdi- og trusval og får følgjer for resten av livet.

Erfaringane ein gjer seg i denne fasen er også ofte heilt avgjerande for vidare deltaking i kyrkjelege fellesskap eller seinare religiøs praksis. Difor er det viktig at kyrkja inviterer unge i aldersfasen 18-30 år til å erfara og skapa eit mønster for trua og livet, som det er mogeleg å ta med seg til nye kontekstar og nye livsfasar. Samtidig må arbeidet med aldersgruppa 18-30 år henga nært sammen med kyrkjas konfirmasjons- og ungdomsarbeid. Kyrkja er kalla til å myndiggjera unge menneske gjennom å gi dei erfaringar med ulike måtar å praktisera tru på. Gjennom dette kan dei erfara korleis det er å leva med ei mangfaldig og myndig tru i ulike fellesskap og i skiftande kontekstar. Den norske Kyrkja må utvikla og fornya sitt arbeid med aldersgruppa 18-30 år utifrå dette perspektivet – korleis vi som kyrkje kan gi rom for ei mobil tru: Ei tru som både er myndig og mangfaldig, og som lever og modnast i samspel med eit mangfald av myndige fellesskap.